

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Einar Lied

Arkivsak: 22/200

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
KOMMUNEPLANUTVALET	18.06.2026	002/26
KOMMUNESTYRET	24.06.2026	073/26

Planprogram for rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger

Kommunedirektøren si tilråding:

I medhald av pbl § 11-13 blir planprogrammet for kommunedelplan Rv.15 Strynefjellet med arm til Geiranger fastsett.

Tilråding som vedtak frå KOMMUNEPLANUTVALET, 18.06.2026 - 002/26

I medhald av pbl § 11-13 blir planprogrammet for kommunedelplan Rv.15 Strynefjellet med arm til Geiranger fastsett.

24.06.2026 KOMMUNESTYRET

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

KOM - 073/26 Vedtak

I medhald av pbl § 11-13 blir planprogrammet for kommunedelplan Rv.15 Strynefjellet med arm til Geiranger fastsett.

18.06.2026 KOMMUNEPLANUTVALET

Tilråding samrøystes til kommunestyret

KPU - 002/26 Vedtak

I medhald av pbl § 11-13 blir planprogrammet for kommunedelplan Rv.15 Strynefjellet med arm til Geiranger fastsett.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har med heimel i plan- og bygningsloven § 3-7 starta opp arbeidet med kommunedelplan med konsekvensutgreiing for rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger. Planlegginga vil utførast i samarbeid med Stryn, Skjåk og Stranda kommunar. Kommunane vil vere planmynde, og Statens vegvesen vil vere tiltakshavar og forslagsstillar for vegplanen.

Denne saka gjeld fastsetting av planprogram for arbeidet med kommunedelplan.

Saksopplysningar

Vegprosjektet er av ein storleik som utløyser krav til konsekvensutgreiing. Eit planprogram skal då ligge til grunn for planarbeidet og konsekvensutgreiinga.

Planprogrammet omtaler formål og problemstillingar knytte til planarbeidet. Det omtaler vidare kva alternativ som blir foreslått greidd ut, tema som konsekvensutgreiinga skal omfatta og prosess for medverknad. Planforslag med konsekvensutgreiing skal utarbeidast på grunnlag av fastsett planprogram.

Varsling av oppstart av arbeidet med kommunedelplan blei gjort samtidig med at forslag til planprogram blei sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 10. november 2025-15. januar 2026.

I høyringsperioden kom det totalt, for alle planane, inn xx fråsegn fra høyringsinstanser og merknader frå private grunneigarar, lag og foreningar, interessegrupper mm. Sjå eiga notat xx, vedlagt. Alle innspel er samanfatta og kommenterte i eit eige dokument. Endringar av planprogrammet som følge av høyringa og kommunestyrenes vedtak, er også vist samla i et eiga dokument.

Planprogrammet kort oppsummert:

- Kapittel 2 gjer greie for kva eit planprogram er.
- Kapittel 3 tek for seg planområde, bakgrunn og målsetting.
- Kapittel 4 gjer greie for rammer og føringar. Her har verdsarven fått eige delkapittel 4.7.
- Kapittel 5 er gjennomgang av strekninga som skal planleggast.
- Kapittel 6 er oversikt over metodikk for utgreiinga. Her har verdsarven (KUVVA) fått eige delkapittel 6.3.
- Kapittel 7 er utgreiingsprogram som syner meir detaljert kva som skal utgreiast.
- Kapittel 8 gjer greie for planprosess og medverknad


8.4 Framdrift

Overordna framdriftsplan for prosjektet rv. 15 ny Strynefjellstunnel Pr. 15.10.2025

Aktivitet	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	Kommentar
Kommunedelplan m/KU	Planlegging	Planlegging	Planlegging										
Reguleringsplanlegging				Planlegging									
KDP/RP for massedeponi	Planlegging	Planlegging	Planlegging										
Straumførøring	Planlegging	Planlegging	Planlegging										
KS2				Planlegging									
Grunnerverv og konkurransegrunnlag				Planlegging									
Entreprise forskjøring					Kontrahering	Bygging							
Entreprise tunnel					Kontrahering	Bygging	Bygging	Bygging	Bygging	Bygging	Bygging	Bygging	Tunnelprofil ikke avklart
Elektroarbeid										Bygging	Bygging		
Testing/sikkerhetsgodkjenning												Bygging	
Vegopning												Bygging	


■ Planlegging
 ■ Kontrahering
 ■ Bygging

Arm til Geiranger ligg alt inne i vedteken arealdelplan i Stranda kommune, jf. kartutsnitt under:




Under er vist alternative påhogg i Opplenskedal slik det er vist i planprogrammet side 23.


5.2.3 Opplendskedalen



Figur 5-4 - Alternative påhogg i Opplendskedalen i Geiranger

Sannsynleg veg- og tunnelstandard for ny fv. 63 Geirangervegen vist på side 10.





Vurdering

Så langt ein kan sjå er planprogrammet grundig gjennomarbeidd og gir godt grunnlag for planarbeidet.